



Hjelmeland Senterparti

Program 2019–2023

Grunnsyn og verdigrunnlag

Senterpartiet byggjer på kristne og humanistiske grunnverdiar, der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp.

Senterpartiet sin politikk er å skapa fellesskap av frie sjølvstendige menneske, der den private eigedomsretten står sentralt.

Senterpartiet vil skapa eit kvalitetsbevisst lokalsamfunn som er:

- Berekraftig og nyskapande.
- Attraktivt for enkeltmenneske og næringslivet
- Vekstkraftig, mangfaldig og kulturrikt
- Prega av engasjement, deltaking og folkestyre
- Innbyggjarfokuseret og inkluderande
- Merksemd på unge og nyetablerte

Lokaldemokrati

Senterpartiet meiner at eit godt forankra lokaldemokrati gir betre og meir tilpassa tenester til innbyggjarane.

Senterpartiet vil arbeida for:

- At Hjelmeland kommune skal bestå med sine lokalsamfunn
- Godt og konstruktivt samarbeid med lokalt næringsliv
- Sikra gode kommunale tenester
- Halda fram det nære samarbeidet med bygdaråda i kommunen

Økonomi

Senterpartiet vil setja tæring etter næring.

Me har skaffa kommunen eit handlingsrom og vil halda fram med det gode arbeidet i framtida.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Å påverka sentrale styresmakter til å sikra vekst i kommuneøkonomien
- Forsvarleg budsjettstyring og forvaltning av kommunen sine midlar
- At kommunale avgifter skal vera basert på sjølvkostprinsippet

Infrastruktur, kommunikasjon og samferdsle

Senterpartiet er pådrivar for infrastruktur- og vegprosjekter i regionen.

Mobilnett, straum og digital infrastruktur skal utbetrast.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Fiber til alle husstandar
- Sikkert og stabilt mobilnett, straumnett og breiband med god dekning
- Vidareutvikling av riks- og fylkesvegnettet
- Ferjefri riksveg 13
- Rassikring langs riksveg 13 og realisering av Årdalstunellen
- Riksveg 13 og E134 som «snarvegen til Austlandet»
- Auka standard på Fv 661 til Lyngsheia når Ryfast gjer dette til eit kortreist friluftsområde for innbyggjarane på Nord-Jæren
- Betre vegstandard mellom Hundsnæs og Viganeset
- Auka standard på kommunale vegar
- Betre kollektivtilbod for buss, ferjer og hurtigbåt
- Forpliktande gang- og sykkelvegstrategi for skuleborn



1. *Bjørn Laugaland,*
ordførarkandidat



2. *Anita Husøy Riskedal*



3. *Berit Søvik Østerhus*

*Dei tre øvste er prioriterte,
resten er alfabetisk*

Samfunnstryggleik og beredskap

Senterpartiet er opptekne av at me som kommune skal vera rusta til å handtere små og store akutte hendingar.

Nærleik og lokalkunnskap saman med kompetanse er i seg sjølv førebyggjande arbeid på dette feltet.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Oppretthalda og vidareutvikla det lokale brannvesenet
- Styrka frivillige organisasjonar som bidreg til beredskapsarbeidet i kommunen
- Legga til rette for at kommunen har eit godt kriseteam
- Jobba førebyggjande for å minimera risikoen for akutte hendingar



Arthur Fjeldheim Egeland



Endre Gjil

Klima, natur og miljø

Senterpartiet har ambisiøse mål for natur- og miljøpolitikken i kommunen, og vil vera ein pådrivar for klimatiltak og respekt for natur og miljø.

Senterpartiet vil arbeida for:

- At Hjelmeland kommune skal leggje FN sine berekraftsmål til grunn i sitt virke
- Auka energiproduksjon frå små vasskraftverk og bioenergi
- Å vurdere solenergi som energikjelde på nye kommunale bygg og i samband med utbetring av eksisterande bygg
- Ikkje opne for vindindustrianlegg i Hjelmeland kommune

- Leggja til rette for meir bruk av fornybar energi
- Gjennomføring av klimatiltak i kommunen si drift
- Oppretthalda kulturlandskapet, ta vare på dyrka jord og stimulera til nydyrking
- Vidareutvikla og forbetra turløypene våre i samarbeid med grunneigarane
- Ta vare på lakseelvane Vormo, Storånå, Ulla og Førreåna
- Bruka Heiplanen aktivt i samråd med grunneigarane

Areal og næring

Senterpartiet vil sikra eit variert og sterkt næringsliv gjennom framtidsretta og berekraftig arealforvaltning.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Utvikla næringar som har utgangspunkt i lokale fortrinn og naturressursar, til dømes havbruk, skogbruk, jordbruk, reiseliv, små kraftverk og bergverksindustri
- At det skal vera enkelt å etablere bedrifter
- Variert og berekraftig bruksstruktur i landbruket
- Styrka landbruksproduksjonen, mellom anna ved å oppretthalda produksjonsareala og stimulera til nydyrking
- Behalda konsesjonslova, prisregulering, samt bu- og driveplikt på landbrukseigedommar
- Stimulera til mest mogleg lokal foredling av råvarer
- Ta vare på råderetten over kommunen sine naturressursar
- Bustadbygging i heile kommunen
- Utvikle lokale turmål og attraksjonar



Dagfinn Svadberg Hatløy



Arne Kleppa



Skule og oppvekst

Senterpartiet meiner gode barnehagar og skular er avgjeranda for ein trygg og god oppvekst.

Senterpartiet vil prioritera oppvekstsektoren.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Oppretthalda barnehage- og skulestrukturen som i dag
- Eit barnehagetilbod med mangfald og kvalitet
- Tilby barnehageplass i ønska barnehage
- Minst to pedagogar per barnehageavdeling
- Skulane og barnehagane skal bruka heile kommunen som læringsarena
- Ein fagleg god skule der eleven sitt læringsmiljø og psykososiale miljø er i fokus
- Fjerna unødig byråkrati i skulen slik at «læraren får vera lærar»
- At alle som veks opp i Hjelmeland skal få med seg lærdom og gode minne frå kulturelle og sosiale tilstellingar, ekskursjonar, leirskuleveke og andre skuleturar
- Skulefritidsordning med meiningsfylt innhald for alle elevar på 1.–4. trinn
- Gratis SFO for elevar i 5.-7. klasse med nedsett funksjonsevne
- Innføre «Konsekvensar for barn og unge» som fast punkt i all politisk saksførebuing i kommunen



Kristin Kostøl Helgaland



Lill Synnøve Laugaland

Helse og omsorg

Senterpartiet vil ha merksemd på folkehelse og førebygging.

Senterpartiet vil arbeide for:

- Oppretthalde hovudtrekka i omsorgs- og helsestrukturen som i dag
- Styrking av det førebyggjande og helsefremjande arbeidet
- At omsorgstrengjande skal få bu heime lengst mogleg
- Eldreomsorg som inneheld meningsfulle dagar, fokus på kvardagsrehabilitering
- Oppretthalde ei trygg legevaktordning
- Å redusera barnefattigdom og oppretthalde tilbod om Fritidskort
- Inkludere folkehelse i all samfunnsplanlegging
- Oppretthalde og styrke det tverrfaglege samarbeidet og kompetansen i dei ulike einingane
- Gratis skulefrukt alle skuledagar
- Ein time dagleg fysisk aktivitet i skulen



Timothy Laugaland



Johne Halsne Mæland

Kultur og fritid

Senterpartiet meiner at den vide kulturen spelar ei sentral rolle i lokalsamfunnet for trivsel, identitet og personleg utvikling.

Senterpartiet vil arbeida for:

- Leggja til rette for eit allsidig kommunalt og frivillig kulturtilbod, særleg for born og ungdom
- Tilbod om ein kulturskule med god kvalitet
- Styrka det frivillige organisasjonsarbeidet ved å vidareutvikla frivilligstrategien og byggje vidare på det gode samarbeidet
- At Frivilligsentralen og kulturseksjonen skal bidra til inkludering av nye innbyggjarar
- At alle kommunale bygg og anlegg skal vera til gratis disposisjon for frivillige lag og organisasjonar
- Stø opp om alle forsamlingshus som er i aktiv bruk
- Ta vare på verdifulle kulturskattar i kommunen, som t.d. Årdal gamle kyrkje og Vigatunet
- Sikra pålitelege arbeidsvilkår for Kyrkja, og syta for at kyrkjene og gravplassane har god standard



Harald Ommundsen



Frode Riskedal

Kommunen som arbeids- gjevar og tenesteytar

Senterpartiet vil at Hjelmeland kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som leverer gode tenester til innbyggjarane våre

Personalpolitikken skal gje kompetanse, trivsel og utvikling for dei tilsette.

Kommunen skal vere ein sterk pådrivar og aktør til eit variert arbeidsliv.

Senterpartiet vil arbeide for:

- Inkludera alle i arbeidslivet og verta ein «Helt med» -kommune
- Faste tilsetjingar og heiltidsstillingar skal vera hovudregelen
- At kjerneoppgåver – som t.d. oppvekst, helse og omsorg – skal utførast av kommunen sjølv.
- At Hjelmeland kommune skal vere ei attraktiv lærebedrift
- Sikra opne debattar og ytringsfridom. Det skal vera trygt å varsla om kritikkverdige tilhøve
- Klarspråk og målbruk
- Styrka vaktmeistertenesta, vedlikehald og oppgradering av kommunale bygg og anlegg
- Vidareutvikla kommunesenteret slik at det er triveleg å besøka og ha eit godt privat og offentleg servicetilbod



Tårn Sigve Schmidt



Margrete Tytlandsvik



Øystein Valheim

Sp  *-wær folk*





senterpartiet.no/hjelmeland

 Hjelmeland Senterparti

 @hjelmelandsp

www.sp.no

– Vi tar heile Noreg i bruk